**Førsteblad**

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leikanger i Sogn

Emne: Hus råd - Kjerringråd | Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: N.J.Vangsnes | Gard: Byggjartun

(adresse): | G.nr. 36 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein talar om at folk var meir hardfør i gamle dagar, men det er berre innbilling.

2. Ein trudde til dømes at tobak kunne vera avvergjande for smitte, og det trur folk på endå. Å tyggja tobak skal vera vern mot tærings-smitte.
Ho bestemor fortalde at då sotti gjekk (nervefeber) då tok ho til å røykja pipa, og ho vart ikkje sjuk, men passa dei andre i huslyden som låg sjuke. Dette var før ho bestemor var gift. (anna råd)
Ho fortalde og om ein annan medesin som skulle verja mot sott smitte, og det var til taka ein dram med blanding av brennevin og urin.
Det fortelst også frå den tid soldatane låg ute i krig mot Svenske, at dei fekk noko dei kalla „blod-sott", det var still at dei pissa blod, og til hjelp mot det blanda dei krut i ein dram brennevin og drakk det.

5. Det har vore vanleg bruk at ein hjelpte ein annan med medesiner når det trengst, og denne ollukken varer ved framleides.

12. Gitringar har vore mykje tala om, og Kopar-ringar - Koparstung - brukast no også.

14. Trolljar bøker både for folk og fe var det kunne framstående personar som fekk tak i og bruka seg og kunnskap av.

5604

2

Emne nr. 80 — II —

6 Då eg var gutunge var det tvo mann i bygdi
som ein gjekk til og sökte råd og hjelp hjå
i ymse sjukdomstilfelle. Desse tvo hadde lase
seg til, og röynt seg til kunnskap.
Dei trekte tenner, og hadde til det bruk-tanntang —
Dei hadde og ei slags "fjär-öks" som dei hogde hol
på svullar med, dei var båe tvo kloke menner.
Den eine var gardbrukar og den hin var husmann.
Den sistnemnde var ein framifrå haglendt mann
i alt slags handverk, so å seia, husbyggjar, smed,
snikkar, bollbindar, salmakar, o.s.v. — Han var
og ein mann som tok vare på gamle ting, og
ein heil samling frå han er på De Heibergske
samlingar i Amla.
Det sies og om han at han i sin ungdom
gjorde ein operasjon på sjölv på sine kjöns-organ,
men detta siste vil helst ikkje slegta hans ha
mykje tale om.

23 Det var ikkje mykje yrke for dei tvo ovannemnde men
det var vanleg grannehjelp når nokon trong det.

24 Eg har aldrig höyrt tale om at dei tok betaling.

27. Nei

36 I Dyrdal i Naröyfjorden budde det ein mann
for eit par mannsaldrar sidan, som var
kjend for å kunna kurera sår og svullar,
og det er og sagt at han hadde folk (pasientar) hjå
seg som han tok betaling av for kost og stell.

1560

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING